

# Algetoksin som legemiddel

Dei fleste pasientar opplever dessverre smerte i løpet av opphaldet sitt på sjukehuset, og nokre får også biverknader. No lurar forskarar på om algar frå havet kan nyttast til å produsere eit nytt type lokalbedøvingsmiddel som har lengre verknad og er tryggare i bruk.

## Lang forskingsbakgrunn

Ralf Kellmann arbeidar ved Hormonlaboratoriet på Haukeland, og har bakgrunn i marin- og mikrobiologi. I 20 år har han forska på algetoksin, og no bruker han kunnskapen sin til å revolusjonere produksjonen av eit av dei.

## Tryggare enn eksisterande midlar

Lokalbedøvingsmiddelet, neosaxitoxin, har ei uvanleg lang verknadstid på to til fire dagar, og skal vere mykje tryggare i bruk enn dagens midlar. Utfordringa har vore å få til produksjon på industrielt nivå.

## Ønska mål

Utvikle ein meir økonomisk, effektiv og kontrollerbar produksjonsprosess som kan oppfylle behovet for neosaxitoxin på verdsbasis.

## Finansiering

Frikjøp av tilsett til prosjektet frå Helse Bergen HF.  
Midlar frå Forskingsrådet gjennom BIOTEK2021

## Kontakt

Forskar Ralf Kellmann,  
Institutt for biologi, Universitetet i Bergen  
e-post: Ralf.Kellmann@uib.no

Bergen Teknologioverføring (BTO)  
Thormøhlensgate 51, Bergen  
[www.bergento.no](http://www.bergento.no)

